

## HØYRINGSUTSEGN - NY FORSKRIFT OM HANDTERING AV BEGROING PÅ SKROG

### Generelt

Fjord1 stiller seg i utgangspunktet positive kva gjeld skissert forslag til ny forskrift om handtering av begroing på skrog. Særleg kan nemnast at me støttar Sjøfartsdirektoratet si risikobaserte tilnærming kva gjeld omfang og avgrensing. Fjord1 har likevel identifisert eit mindre forbedringsforslag knytt til forskriftsutkastet.

### § 9 Krav ved vasking av skrog i norske farvatn

Av høyringsbrevet sitt avsnitt II framgår m.a. fylgjande under punkt 3:

[...] I høringsprosessen ønsker vi **konkrete innspill** om vask av skrog i vann, gjerne basert på godt dokumentert forskning. For eksempel er dette innspill som gjelder tilgjengelige teknologier for skrogvask med oppsamling, utførelse av inspeksjoner og skrogvask på flyttbare innretninger som ligger offshore, **og informasjon om steder langs Norges kyst hvor det kan være lav risiko for å foreta skrogvask uten oppsamling.** [...]

Fjord1 har i dei seinare åra gjennomført ein god del vasking av skrog i vatn ved liggekai som er lokalisert innanfor same ruteområde som aktuelt fartøy trafikkerer i. Typisk er det er nytta liggekai for nattligge, t.d. slik bilete 1 illustrerer.



Bilete 1: Døme på liggekai som nyttast til skrogvask i vatn, her frå Anda i Nordfjord. (Foto: Norgeskart.no)

Geografisk er ruteområda for innanriks rutetrafikk svært avgrensa, med unntak av kystruta Bergen-Kirkenes. I tillegg har meir spesifikke anbudskontraktar med batteri/EL-fartøy, samt manglande standardisering av ladeinfrastruktur, resultert i at fartøya no stort sett er låst til sine respektive samband. Dette har naturleg nok ført til at flytting av hovudfartøy mellom ulike ruteområde stort sett ikkje førekjem innanfor relativt lange anbudsperiodar, typisk 8-10 år. Fjord1 kan såleis ikkje sjå at skrogvask utan oppsamling utført innanfor same område som fartøya opererer i skulle utgjere særleg risiko for spreining av framande artar.

Så er også Fjord1 kjent med at forskriftsutkastet sin §9 andre ledd opnar for at andre vaskemetodar kan akseptrast dersom det kan dokumenterast at skrogvask utan oppsamling vil hindre spreining av skadelege framande artar. For å redusere administrasjonsmengda, både for direktoratet og reiarlaga, meiner Fjord1 likevel at skrogvasking utan oppsamling innanfor ruteområde til passasjerskip i innanriksfart bør regulerast eksplisitt i den nye forskrifta.

Med bakgrunn i dette føreslår Fjord1 at fylgjande avsnitt vert teke inn i §9:

*Passasjerskip i innanriksfart som har løyve til persontransport i rute etter yrkestransportlova, unntatt fartøy i kystruta Bergen-Kirkenes, kan utføre vask av skrog utan oppsamling når dette skjer innanfor den ruta som løyvet gjeld for, inkludert hovudsambandet og faste liggekaiar eller bunkerskaiar.*

For ordens skuld nemnast til slutt at avgrensingane i dette forslaget samsvarar med ordlyden i [Lospliktforskrifta §3, nr. 2 bokstav a](#).

Med helsing



Arne Fortun  
Prosjektingeniør  
Teknisk driftsstøtte

